

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I BØMLO BÅTLAG 07.02.10

## 1. Konstituering

### A. Opning

Terje ønskete velkommen til årsmøtet – med ein god båthistorie! Det møtte 15 medlemmer, inkludert styret.

### B. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader.

### C. Val av møteleiar

Terje vart vald til møteleiar.

### D. Val av referent

Kåre vart vald til referent.

### E. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen

Ove og Bernt Emil vart valde til å skriva under møteprotokollen.

### F. Årsmelding

Årsmeldinga vart godkjend med følgjande merknader:

- Årsmeldinga skal sendast ut til medlemmene saman med innkalling og rekneskap i forkant av årsmøtet. Årsmøtet ber om at dette vert følgd opp i framtida.

### G. Revidert rekneskap

Kristen la fram revidert rekneskap. Dette vart godkjend med merknader.

- Presisering av at delar av inntektene kjem frå 2008, ”utelating av dugnad”. Dette bør komma fram i rekneskapet.

## H. Saker fremma av styret

1. **Innkjøp av jordfeilbrytarar** til alle som brukar strøm. Utgift på om lag kr 1 000 som vert plussa på innskotsummen på båtplass. Følgjer reglane om nedskriving.

**Vedtak: Vedtekten §6.1 (tillegg for kontingenst vedk. jordfeilbrytarar):**  
**Pristillegg for eigen jordfeilbrytar blir lagt til på innkjøpssummen og har same nedskrivingssats, 5% pr år i 10 år.**

**Nedskrivingsreglane** vart etterlyste – dei var ikkje i vedtekten. Dette vart vedteke på årsmøtet i fjor. Dette skulle ha vore endra i vedtekten. Sidan dette ikkje er gjort, vart det reist spørsmål om vedtaket kan gjelda. Styret tok dette til etterretning, men er ikkje i tvil om at vedtaket vart gjort og står i referatet frå årsmøtet 2009. Dette vart også lagt ut på heimesida. Styret tek denne saka opp på første styremøte for vurdering.

2. **Vedlikehald og dugnad.**

Styret skal arbeida ut eit oversyn over oppgåver som eignar seg til dugnad. Dette skal det komma oppslag om, slik at alle kan til ei kvar tid finna oppgåver. Også på heimesida skal dette leggjast ut. Dette vart vedteke samrøystes.

3. **Vaktordning**

Styret foreslår å organisera vakthald i båthamna. Det vert sett opp liste over alle medlemmene som har båt i hamna med ei veke pr år. Det vert sett opp faste sjekkpunkt som kvar skal gå gjennom. I sommarferien (juli) vil me nyitta hamneguidane. Samrøystes vedteke.

## I. Forslag til budsjett for 2010

Kristen la fram styret sitt forslag til budsjett for 2010. Dette viser eit driftsresultat på om lag 4 000 kr. Godkjend med følgjande merknader:

- Posten med utelating av dugnadsarbeid skal aukast til 20 000
- Merknad som kom opp under drøftinga av budsjettforslaget var §8 4.ledd. Her vart det reist spørsmål om kven som skal betala pliktig dugnad. Bruk av "medlem med båt i hamna" eller "båtplass" kan virka forvirrande? Styret skal gå gjennom dette og eventuelt komma med eit forslag til endring av vedtekten til neste årsmøte.

## J. Val av styre

Valnemnda la fram forslag til val av styre for 2010, som vart samrøystes vedteke:

Leiar: Terje Kallevåg

Nestleiar: Kjell Idar Lønning

Skrivar: Kåre Bogetveit

Styremedlem: Svein Eide

Styremedlem: John Helge Talmo

Varamedlemmer:

Jostein Hovland

Leif Egil Barane

## K. Val av revisor

John Helmer Monsen

## L. Val av valnemnd og arrangementskomité

John Helmer Monsen

Karl Vika

**Nytt medlem i valnemnda: Erlend Nilssen**

Arrangementskomité:

Leif Reidar Vespestad

Arne Sandvik

Tommy Dagsland

Katja Dienemann

For Bømlo Båtlag

*Kåre Bogetveit*

Kåre Bogetveit

Referent

Underskrift møteproteokoll:

*Bernt Emil Vika*  
Bernt Emil Vika

*Ove Aga.*  
Ove Aga